


Søknad om NOK 225 000 til utarbeiding av Arena-søknad

Maritim Forening Sogn og Fjordane er ei interesseforeining for verksemdar med havbasert aktivitet i Sogn og Fjordane. Foreininga har 63 medlemsverksemdar lokalisert i 14 kommunar, og arbeider for nyskaping og vekst i næringslivet gjennom å dele kunnskap om behov, mulegheiter og løysingar på tvers av bedrifter og bransjar. Dette gjer vi mellom anna ved å skape samlingsplassar for leverandørindustrien, synleggjere kompetansen i fylket, kople saman næringsliv, FoU- og utdanningsinstitusjonar samt å hente inn og distribuere marknadsinformasjon. Foreininga har dagleg nær kontakt med eit breitt spekter av bedrifter, dels med verdsløiande kompetanse og produkt. Vi har eit nært samarbeid med GCE Subsea (utleige av fagperson i 50 % stilling + felles deltaking i Innovasjon Norge-programmet *Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø*).

Basert på interesse frå medlemsbedriftene har Maritim Forening Sogn og Fjordane sett av mykje tid og ressursar på å hente inn og dele kunnskap om maritim hydrogenteknologi mellom bedrifter i fylket. Foreininga er representert i styringsgruppa til prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane, der fylkeskommunen er prosjekteigar. Vidare har vi prosjektleiinga i utviklingsprosjektet GKP7H2, som har som mål å utvikle og teste ein hydrogendriven passasjerbåt. Brødrene Aa, Mancraft, Florø Skyssbåt og Flora kommune er partnarar. Prosjektet har motteke støtte frå fylkessatsinga si ordning, der fylkeskommunen delar ut midlar som er gjeve i gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Med bakgrunn i vår hydrogensatsing innanfor maritim sektor er vi invitert inn i ulike ekspertgrupper, mellom anna International Energy Agency Task 39 Maritime Hydrogen Technology og den norske speillkomiteen for standardiseringsarbeid innanfor hydrogen SN/K 184. Foreininga deltek òg med ressurspersonar inn i ulike FoU-prosjekt knytt til fornybar energi, produksjon av hydrogen og marknadsutvikling. Foreininga har opparbeidd eit svært omfattande nettverk kopa opp mot heile hydrogenverdikjeda. Nettverket er regionalt, nasjonalt og internasjonalt, sjå figur under.



Innovasjon Noreg sentralt har fatta interesse for hydrogensatsinga i fylket, og Maritim Foreining vart difor oppmoda til å sende inn ei skisse for prekvalifisering av ei eventuell klyngesatsing på hydrogen i Sogn og Fjordane. I første omgang vert dette ein Arena-søknad som skal gjere greie for fylket sine føremøner når det gjeld hydrogen; ein sterk energisektor i eit kraftproduserande fylke, der vi har leiande næringsaktørar innanfor potensielle bruksområde og verdikjedar for hydrogen, særleg i maritime næringar, men òg innanfor industri, havbruk og fiske. Føremålet er å oppnå status som Arena-klynge og realisere regionalt og nasjonalt verdiskapingspotensiale knytt opp mot hydrogenbaserte verdikjeder.

Bruk av hydrogen som energiberar bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Sogn og Fjordane er rikt på fornybar energi og har alle føresetnadar for til å bli ein leiande region for maritim bruk av hydrogen til nullutslepps framdrift av ulike type fartøy og for reduserte klimautslepp i oppdrettssektoren. Basert på desse føresetnadane ønsker Maritim Foreining SF å ta ei koordinerande nasjonal rolle for å optimalisere utviklinga av hydrogenbaserte verdikjeder. Det er pr. no ingen klynger i Noreg som har dette som hovudfokus. Oppretting av ei slik klynge i fylket vårt vil bidra til å vidareføre aktiviteten til Hydrogenregion Sogn og Fjordane og til at Noreg kan nå sine klimamål.

Å arbeide fram ein fullgod Arena-søknad på vegne av ulike næringar i fylket innan 01.september 2017 vil krevje tid og ressursar i ein intensiv periode. Maritim Foreining Sogn og Fjordane vil difor søkje Sogn og Fjordane fylkeskommune om 225 000 NOK til å gjennomføre søknadsprosessen.

Omsøkte midlar vil bli nytta til kjøp av eksterne tenester og gjennomføring av tiltak som følgjer:

Mobilisering og forankring

- Møter hos bedrifter og andre aktørar, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Arrangere mobiliseringskonferanse
- Oppfølging og inngåing av avtalar

Innhenting av kunnskap

- Kartlegging av kompetanse i fylket
- Erfaringar frå andre klynger i inn- og utland
- Muleg teknologiutvikling hydrogen
- Muleg marknadsutvikling hydrogen

Utforming av søknad

- Skrivearbeid
- Forankring

Følgande budsjett er lagt til grunn for aktivitetane:

Aktivitet	Timar MFSF	Timar andre	Timar totalt	Søknad (NOK)
HA1: Mobilisering og forankring				
- Møter hos bedrifter og andre aktørar	50	100	150	75 000
- Mobiliseringskonferanse				
- Oppfølging og inngåing av avtalar				

HA2: Innhenting av kunnskap				
- Kartlegging av kompetanse i fylket				
- Erfaringar frå andre klynger i inn- og utland	50	50	100	50 000
- Muleg teknologiutvikling hydrogen				
- Muleg marknadsutvikling hydrogen				
HA3: Utforming av søknad				
- Skrivearbeid	100	100	200	100 000
- Forankring				
Totalt	200	250	450	225 000

Florø 12.06.2017



Stein Kvalsund

Dagleg leiar

Maritim Forening Sogn og Fjordane